



Kystverket vest har no gjeve løyve til oppføring av felles brygge med uteliggjarar i samband med bustadprosjektet på Eikelandet, som Sagvåg Invest på Stord har arbeidd med lenge.

Kystverket har vurdert tiltaket utifrå framlagt dokumentasjon og anser ikkje ålmenn ferdsle å bli særleg hindra.

Eitt av vilkåra er at uteliggjarane får ein tilstrekkeleg solid utførelse og blir fortøyd/forankra på ein slik måte at konstruksjonen ikkje hindrar eller skader annan sjøveis trafikk samt at avdrift blir unngått.

Kystverket har berre teke omsyn til reglane i hamne- og ferskvatnslova og ikkje anna lov- og regelverk. Tiltakshavaren må til dømes sjølv avklara tilhøvet til plan- og bygningslova med kommunen.

Teikninga viser korleis anlegget er tenkt løyst.